

Naturtyper

Utskriftsdato: 19.09.2022

Svelavatnet: Lunden + utløpet av Skjevelandselva

ID	BN00045065
Naturtype	Deltaområde
Utforming	Lite og mindre formrikt delta
Verdi	Viktig
Utvalgt naturtype	-
Registreringsdato	26.08.2007
Hevdstatus	-
Forvaltningsplan	Nei
Forvaltningsavtale	Nei
Forvaltningsavtale Inngått	-
Forvaltningsavtale utløper	-
Verdi begrunnelse	Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er eit mindre deltaområde som reint fysisk er ganske intakt, men likevel noko forureina.
Innledning	Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal 24.04.2008 basert på Naturbase og eige feltarbeid 26.08.2007. Lokaliteten er eit deltaområde i ferskvatn med ei elv og ein bekk, og ligg i nordvestenden av Svelavatnet. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).
Beliggenhet og naturgrunnlag	-
Naturtyper og utforminger	Viktigaste vegetasjonstypar er øyrevierkratt, svartorsumpskog med bjørk, høgstorrsump, strandrøyrbelte (truleg resultat av eutrofiering). Det er truleg også kortskotstrand på mudderflatene, men dette vart ikkje undersøkt pga. flom.
Artsmangfold	Av planter vart det notert m.a. blodtopp, geittelg, mannasøtgras, mjuksivaks, myrmaure, nyseryllik, skogsnelle, sløkje og trollhegg. Det vart og sett stokkand og krikkand. Området har viltfunksjon.
Påvirkning	Det vart sett noko søppel, men viktigast er inntrykket av forureining i form av næringstilførsel. Eit markert belte av strandrøyr i sumpane er eit teikn på dette. Elles er vassdraga i distriktet forsura.
Fremmede arter	-
Råd om skjøtsel og hensyn	Det beste for naturverdiane er at området får liggja i fred utan inngrep av noko slag. Beiting er ein del av den tradisjonelle bruken og er ønskjeleg, men gjødsling bør unngåast.
Landskap	-
Areal fra kartobjekt (daa)	150,7
Kommuner	1114 (Bjerkreim)
Kilder	Jordal, J.B. & Johnsen, J.I. 2008. Supplerande kartlegging av naturtypar i Rogaland i 2007. Fylkesmannen i Rogaland miljørapport nr. 1-2008.



